

No er han her! Gå ikkje glipp av konserten!

25.08.2018



Eirik Gjerdevik saman med sonen Joacim som er godt i gang med utdanning med mål om å verte profesjonell tubaist som faren. I

- Tenk om vi kunne fått han til Kvinnherad, hugsar eg at Britt Sollien, mangeårig leiar i Husnes skulekorps, sa med entusiasme etter festkonserten på Karmøy Brassfestival i 2008. Då hadde tubaisten, gjøglaren og musikaren Eirik Gjerdevik begeistra publikum både som solist og dirigent. Denne helga er han endeleg her, og søndag kl.15 kan han opplevast på konsert i Aktivitetshuset i Uskedalen saman med skulemusikantane i Kvinnherad.



Vanlegvis leiar Stanley Westh kornettistane i europameistrane Eikanger/Bjørsvik. Denne helga gjev han god lærdom til unge kornettistar i Kvinnherad.

Etter den same konserten i 2008 skreiv uskedalen.no mellom anna dette:

«Festkonserten lørdag kveld vert nok hugsa ekstra godt etter årets festival. Som vanleg var det det gode arrangørkorpset, Stangaland Brass, som stod på plakaten. Dei spela eit program som til dei grader traff publikum! I år hadde dei leigd inn tubaisten Eirik Gjerdevik som dirigent og solist. Den ruvande musikaren på 2,07 sette sitt preg på konserten med stor musicalitet, eit framifrå kroppsspråk og komisk talent. Erik Gjerdevik gav saman med brassbandet ein kvalitetskonsert med stor underhaldningsverdi. Begeistringa var stor og superlativa kom tett som hagl etter konserten. "Skikkeleg kul konsert!". "De kunne spilt programmet en gang til og eg er sikker på det ville vært fullt i salen!" Gjennom den flotte konserten sådde dei mange godtveksande inspirasjonsfrø blant dei unge musikantane.»

Søndag kl.15 kan vi altså oppleve den dyktige tubaisten på konsert saman med skulekorpsmusikarane i kommunen, og dei er skikkeleg veltrimma etter å hatt seminar med eit særskilt dyktig instruktørkorps. Då eg var ein kjapp tur nedom skulen midt på laurdagen, var dei i full sving med gruppeøvingar, og det var godlyd frå mange rom. Gjerdevik fortalte at han hadde både kostymen og tubaen klar slik at vi kan vente oss nokre både artige og gode innslag frå han. Dette blir garantert bra, og dei fortener fullsett amfi!!

De kan lesa kva Mona Grønningen skriv i Kvinnheringen om seminaret [HER](#).

De kan også lesa kva uskedalen.no skreiv i forkant av seminaret [HER](#).

Gå ikkje glipp av konserten. Møt opp i Aktivitetshuset søndag ettermiddag kl.15!



Slagverkstalentet Hanna Tvilde får mange gode tips av Vegard Milde som spelar i Kroningen og Smørås.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland